



Det er ikkje kvar dag Trelastlageret sender varene luftvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skorpo blir eit ferie- og fritidsparadis for stadig fleire. Uskedal-paret Hjørdis og Willy Holgersen er to av dei ferskaste hytte-byggjarane der og dei slår seg ned ved Nordre Skorpevågen, innforbi Jektholmen.**

Frode Bu er byggmeister og som for fleire andre som har fått hytte på Skorpo i dei seinare åra kjem hytta luftvegen!

Første del av helikoptertransporten gjekk føre seg raskt og smertefritt i morgontimane fredag – frå leverandøren Uskedal Trelastlager og ut til byggeplassen.

Ferda over Storsundet tok ikkje mange minuttane og sjølv om det måtte 16 hiv til var jobben gjort unna på under to timar.

Sist Trelastlageret hadde ein leveranse med helikopter var til Nesja-hytta ved Mannsvatnet, fortel Finn Guddal til uskedalen.no.

Det var Airlift som hadde oppdraget denne gongen og det franskbygde helikopteret tar stort sett 1.000 kilo i kvart hiv.



- Vi opererer over heile Sør-Norge og på våre kantar er det helst BKK og Statkraft som er dei største kundane. Men det har vorte stadig fleir hyttetransportar, eg kan i fleng nemna at vi har vore innom både Kvamskogen, Seljestad og Sirdal, sa pilot Jostein Alvseike frå Karmøy. Han hadde med seg lastemann Dagfinn Damsgård frå Odda og dei kom frå basen i Kinsarvik.

Klare for effektiv transportjobb: Finn Guddal (Trelastlageret), Jostein Alvseike (pilot) og Dagfinn Damsgård (lastemann). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det som trengs for å innreia hytta til Hjørdis og Willy blir løfta over sundet med helikopter litt seinare. Det var "det utvendige" som vart transportert no.

Av Ola Matti Mathisen



16 hiv vart gjort over Storsundet fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)